

Handsaming i Kommunestyret :

Utdelt i møtet:

- Skriv frå Sandefisk AS dat. 18.05.2018
- Skriv frå Nina Rusten Sande, dat. 22.05.2018
- Skriv frå LUFSS – Landslaget for nærmiljøskolen, dat. 22.05.2018
- Skriv frå Asbjørn Vorren dat. 22.05.2018
- Underskriftslistar

Dag Vaagen, H la fram felles utsettingsframlegg på vegne av gruppene H, Tvp, Ap, Sp, Frp, V:

Sande kommunestyre vedtek å utsetje saka. Det vert ma. vist til innkomne merknader frå næringslivet og andre, også merknadar innkomne etter ordinær høyringsfrist. Kommunestyret ber formannskap/kommuneleiing om å søkje dialog med næringslivet om deira framtidsplanar og om kommunen si rolle som tilretteleggar for utvikling.

Vidare ber kommunestyret om at det vert gjort vurderingar med scenarier for realisering av Sande fastlandssamband, og vurdering av andre relevante kommunikasjonsforhold. Det kan også gjerast vurderingar av andre aktuelle forhold knytt til innkomne merknader.

Saka vert å legge fram til endeleg behandling innan 1. november 2018.

Det felles utsettingsframlegget vart samrøystes vedteke.

VEDTAK:

Sande kommunestyre vedtek å utsetje saka. Det vert ma. vist til innkomne merknader frå næringslivet og andre, også merknadar innkomne etter ordinær høyringsfrist. Kommunestyret ber formannskap/kommuneleiing om å søkje dialog med næringslivet om deira framtidsplanar og om kommunen si rolle som tilretteleggar for utvikling.

Vidare ber kommunestyret om at det vert gjort vurderingar med scenarier for realisering av Sande fastlandssamband, og vurdering av andre relevante kommunikasjonsforhold. Det kan også gjerast vurderingar av andre aktuelle forhold knytt til innkomne merknader.

Saka vert å legge fram til endeleg behandling innan 1. november 2018.